

Hallo og takk for sist.

Eg nemnte så vidt for deg Oddmund mine planar om eit serviceanlegg for båtfolk og for sjøturistar/friluftsfolk som kjem landevegen til Kvalvågnes. Innspelet er tidlegare sendt kommunen som innspel til rullering av kommunedelplanen for området. Det er flott at friluftsområdet på Kvalvågneset og Lindåsosane etter kvart er blitt kjent og populært for friluftsfolk og fritidsfolk og turistar på sjø og land. Men ein viss grad av tilrettelegging og service må til om det skal bli kjekt for alle (– og litt næring for oss fastbuande ligg det kanskje også i dette på sikt). Eg hadde tenkt å seia noko om dette på synfaringa med Frifant, men så vart reiseruta endra og det vart ikkje tid til Mikkelvågen ☺.

Eit av problema når det gjeld fritidsbåtbruk i Osane – og særleg nær badeviker, kaiar og intensive ferdselsområde er septik tømning. Etter eit par dagar med landligge er septiktanken i båten full og må tømmast – kanskje rett ved badeplassen eller i oppankringspladssen til BOF eller i beste fall i osane ein stad etter ein kjapp tur med båten. Samstundes er gjerne ferskvasstank og batteri tomme og treng påfyll og det er kanskje behov for klesvask og ein dusj også etter kvart. Eg reknar med det heller ikkje er lenge til det kjem forbod mot tømning av båtseptik i "lukka farvatn" – og då må tømmestasjonar vera på plass i aktuelle område.

Mange kjem også landevegen til Kvalvågneset og me har alt i over 10 år hatt tilbod om leige av båt for fisketurar og kanoar (t.d. for dei som vil ha prøva padleløypene i osane). Med litt enkel tilrettelegging vil det også vera mogleg for dei med eigne farkostar å koma på sjøen ved bryggene mine i Mikkelvågen. Me har også hytteutleige for dei som ønskjer det. Kvalvågnes har vore ferie og fritidsstad for "by-folk" sidan 1921 og garden min har drive "support" til turisten like lenge.

Eg kunne tenkt meg å teke ei synfaring i nær framtid i lag med deko for å presentert tankar for kommunen og friluftsrådet på desse planane og høyra korleis me kan få til eit godt samarbeid om tilretteleggingsarbeidet og publikumsservice i området og slik koma med felles tankar og innspel til rulleringa av kommunedelplanen for området.

Legg ved skissa for serviceanlegget på "mi side" av Mikkelvågen og eit oversiktskart som syner det samla fritids- og overnattingstilbodet i området. Det marine serviceanlegget er tenkt lagt i naustområdet mitt inst i Mikkelvågen på oversiktskartet.

Er dette mogleg å få til ei synfaring før ferien?

Helsing Nils Kvalvågnes

8737260

**MARINA/SERVICE-  
ANLEGG  
BÅTTURISME**

I tilknytning til BOF-sitt  
friluftsområde på  
Kvalvågnes. Anlegget vil  
også ha septikmottakn  
frå båt.



Service-  
anlegg  
båtturis-  
me

84/4

Gjeste-  
brygge

8757200

288400

Med atterhald om feil - berre for privat bruk. Ikkje godkjent til situasjonskart i byggesaker. Viste eigedomsgrensar er ikkje rettsgyldige.

Målestokk = 1:400

